

92. ¹ Eigen tone

1. I dei stille stundar
ved natt aa ved dag
Daa best man grundar
Sitt kall aa dei fag
Guds ande heve gjett
Os noko aa gjera
Men spurnad korvitt
Me lydig vil vera.

2. Me ordna aa skipa
so mykje aa mangt
Um ein da er grepa
So vil da ga trongt
Kvrt yrkje det krev
Baa midlar aa tider
Med umsut aa stræv
Kormed ein seg kvidar

3. Den frammande mannen
Som til David kom
Ja kven er det annann
So enda gjeng um
Da vart ikkje greitt
For David Gudsmannen
Aa hev vore leitt
For si mangan annan

4. Tenk i vore dagar
Kor fint her gjeng til
Ein heve paa lagar
Ei faar kva ein vil
Men sjaa me no rett
Aa leitar i saumen
So er det forlett
Det svinnar som draumen

5. Dei hus so ein byggje
Paa den lausa jord
Den stend ikkje tryggje
De Gud sine ord.
Naar vandbylgja byrja
Dei daa detta ner
Det vert til ei *myrja*
Aa so liggjar dei der

6. Aa ja ein begynne
Sit yrkje so bra
Men sjaa korleis synni
Vil smitta aa ska
Um da ærlegt meint
Endaa gale det bær
For fuldkomme reint
Er ingjenting her

7. I Gud ord ein raaka
Paa heilage menn
So Gudl legt hev staaka
Med otte i sinn
Men syndi den hev
So ofta skjemt ut
Aa da heila strev
heve mishaga Gud.

8. Ja den vonda andi
Den verdlege Gud
Er alti fyr handi
Aa *svimling* saar ut
Ei veit kor det var
Det upp heve yrt
Aa surdeigen har
Det alt gjennomsyrt

9. Uti tolvmans laje
Ein Judas der var
Unnar himmelens aje
Men gale det bar
Dei utruge menn
Me imyllum os ha
Det svier aa brenn
Aa det gjenge paa ska.

10. I dei store husi
So av kar er full
Er kje alle krusi
No laga av gull
Vor Gud sier so
Til haustan lat sta
Skal ein renske no
So gjere ein ska.

11. Vor Gud han vil frelsa
Enkvar er dar saa
Gjev livsyn aa helsa
For frukt han vil sjaa
Aa vor Gud han ser
Ser til enden ut
So defor ein ber
Du styre os Gud.

12. Kva skal ein berøma
Aa skreppa utaa
Aa kva skal ein døma
Aa skjevt skoda paa.
Kan ein hengja skilt
Paa si rettfærd ut
I gaar for ein vilt
gjore mot Gud bud

13. *Chenier* med styrkje
Hev si helsa øydt
Paa glimrande yrkje
Men hev gje seg trøytt
Men dei me held av
So franskridt vil *stedgja*
Aa paa deira grav
Me kransar vil leggja

14. Verdi er falsk aa su
Faar det jamleg røyna
Ja du veit det du
Ein kan det kje løyna
Da verte vel best
Vorherra aa dyrkja
Da stende tilrest
I heim aa i kyrkja

15. Leva live so bra
Vera hjelpsam aa snill
Taalmodeleg dra
Det kross so legs til
Forfylgjing aa tola
Gjeng ein feil so faar
Ein snu um aa vøla
Gud lækja kvart saar.